



Sindre Stensletten med det fem år gamle tilbudet om kjøp i Børnes. Fyrst no blir det til verkelegheit. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No har det endeleg vorte fart i sakene på Børnes industriområde. I tråd med kva ordførar Synnøve Solbakken lova offentleg for stutt tid sidan har no saksbehandlar Jarle Fossheim skreve rekvisisjon for frådeling av ei tomt på to mål til Kvinnherad Maskinutleige, som uskedelingen Sindre Stensletten driv.


Det er også sendt nabovarsel. Stensletten skal kjøpa eit område som grensar til eigedomane til Transportkompaniet Vevik og Eik Røyrleggjarforretning og som ligg innanfor Eik sit område.

Det er no sju år sidan Stensletten tok første kontakt med kommunen om kjøp av området og fem år sidan han fekk eit konkret tilbud frå kommunen om kjøp for 50 kroner kvadratmeteren og sa ja til det.

I mellomtida har Stensletten leigd eit mål på Børnes av ein annan grunneigar. Men han har det trøngt i og rundt det tidlegare vaskeriet i Herøyhsund som han kjøpte i 2000 og har trøng for meir plass. Dessuten vil han naturleg nok gjera meir ut av eit område som han eig enn eit som har leiger.

Stensletten eig og driv dei to selskapa Kvinnherad Maskinutleige og Kvinnherad Maskin og har i den seinare tid hatt tre tilsette i tillegg til seg sjølv. Men talet varierar sterkt.

Av Ola Matti Mathisen



Stensletten skal kjøpa det gule arealet på denne skissa. Øvst til høyre er Hjørnevåg-anlegget..